

Osterøy kommune
Postboks 1
5293 Lonevåg

Att.Henrik Carlsen

Dato 27.06.2023
Vår referanse 2022/83518-39
Dykkar referanse
Sakshandsamar Åge Avedal
E-post Age.Avedal@vlfk.no
Telefon 97072734

Tilskot til utvikling av lokal frivilligpolitikk

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til utvikling av lokal frivilligpolitikk. Avdelingsdirektør for kultur og folkehelse i Vestland fylkeskommune gjorde administrativt vedtak om tildeling av tilskot 26. juni 2023.

De vart tildelt tilskot som kjem fram av tabellen under:

Kommune	Tildeling
ASKØY KOMMUNE	80 000
AUSTEVOLL KOMMUNE	20 000
MASFJORDEN KOMMUNE	50 000
OSTERØY KOMMUNE	70 000
VAKSDAL KOMMUNE	80 000
	300 000

Ved søknadsfristen var det kome inn 5 søknader. Samla søknadssum var 345 000 kr. Det vart tildelt 300 000 kr totalt i ordninga. Les meir om tilskotsordninga på [nettsidene våre](#).

Oppstartsmøte

Alle som har mottatt tilskot frå ordninga vart invitert til møte 22. juni saman med kommunar som tidlegare har fått støtte gjennom tilskotsordninga. Ta kontakt med saksbehandlar om de ønskjer å få tilsendt opptak av møtet. Vestland fylkeskommune vil invitere til nytt møte for kommunane hausten 2023.

Det er knytt følgjande vilkår til utbetaling av midlane

Utbetaling og rapportering:

- Tilskotet vert som hovudregel utbetalt når vi får melding om at prosjektet/tiltaket er gjennomført og vi har motteke rapport og rekneskap.
- De rapporterer og sender inn rekneskap digitalt [via denne nettsida](#) (sjå boks med rapporteringsskjema).
- Prosjektet/tiltaket må vere gjennomført i samsvar med søknad. Eventuelle endringar av vesentleg grad skal meldast til saksbehandlar.
- **Frist for å rapportere er tre månader etter at tiltaket/prosjektet er gjennomført.**
- Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format. De sender faktura etter å ha fått svarbrev om godkjent rapport og rekneskap.
- Elektroniske fakturaadresse: 0192:821311632
- Aksesspunkt: Visma
- «Deres referanse» skal merkast med 10933

Her finn du [meir informasjon om korleis du sender faktura](#) til Vestland fylkeskommune.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast tilbaket snarast.

Kontroll:

- Misleghald i bruk av tilskotet kan føre til krav om tilbakebetaling av heile eller deler av tilskotet, eller eventuelt andre sanksjonar.
- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor kan setje i verk kontroll med at tilskotet er nytta som føresett. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd ved kontroll.

Informasjon og tilgjenge:

- Det skal komme tydeleg fram i informasjonsmateriell at fylkeskommunen er tilskotsgjevar. Last ned [logo frå nettsidene våre](#).

Innsynsrett

Saksframstillinga er offentleg, og de finn den på fylkeskommunen si nettside, www.vlfk.no, under postlista. Her finn de nærmare informasjon om vurdering og grunngjeving for vedtaket. De har rett til å sjå alle dokument i saka. Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan de rette til saksbehandlar.

Klage

Sidan det er kommunar som søker i ordninga, blir ikkje søknaden og klagen rekna som eit enkeltvedtak, jf. Forvaltningslova § 28. Eventuell klage på vedtaket skal likevel bli vurdert og behandla. Det kan bli fatta eige vedtak om avvising i klageinstansen. Det er høve til å klage på vedtaket innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune på e-post til post@vlfk.no. Det må komme tydeleg fram kva ordning og søknadsfrist klagen er knytt til.

Klagen må innehalde opplysningar om

- kva vedtak ein klagar på
- kva endring ein ønskjer
- kvifor ein klagar
- andre opplysningar som kan telje med når klagen skal vurderast

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse (KFO)

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonssjef
KFO - Kulturutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift